

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes tidsskriftet@legeforeningen.no

Michel de Montaigne hilser

Bondevik H, Lie AK, red.

Tegn på sykdom

Om litterær medisin og medisinsk litteratur. 288 s, ill. Oslo: Spartacus, 2007. Pris NOK 298 ISBN 978-82-304-0024-1



Ni tekster fra berøringsflaten mellom medisin og litteratur, redigert av en idéhistoriker og en lege, har både opphav og anliggende felles: humanistisk helse- og sykdomsforskning. I den anglo-amerikanske språkverdenen snakker man om «medical

humanities». Og dagens norske medisinstudenter kan velge kurset med tittelen Medisinsk humaniora hvis de er interessert.

Ni essay, gruppert som tre ganger tre tekster om emnene *Symptom*, *Diagnose* og *Viten* er forfattet av ni fremragende fagpersoner fra Norge, Sverige og USA. Og alle refererer eksplisitt eller implisitt til humanisten, renessansemennesket og, fremfor alt, essayisten Michel de Montaigne (1). Han tilskrives opphavsretten til det krevende litterære formatet «essay». Som tekst er essayet «forankret i virkelighet og erfaring – eller snarere i erfaring av virkeligheten» (2). Som sjanger forener det alle forfattere som velger denne dvelende, tette formen, der et reflekterende jeg kan høres og der dette skrivende og vurderende jeget åpenbarer sitt smertepunkt, punktet «hvorfra» jeget skriver, altså selve tekstens anliggende. Montaigne selv sa: «Jeg skulle ønske at enhver ville skrive ned det han kjenner til, og intet annet enn det han kjenner til» (3).

Montaigne hadde ikke bare et smertepunkt, han hadde et smertehav: residiverende nyresteinskolikk. Teksten, tegnet og smerten ble i annen halvdel av 1500-tallet formet til essay – og i Norge ble det i vår tid til Infectio, et nylig avsluttet tverrfaglig forskningsprosjekt innen medisinsk humaniora, ledet av litteraturviter Knut Stene-Johansen.

Tekster om symptomet, diagnosen og viten angår alle medisinkyndige. Det angår alle som mener det er selvsagt at fagene idéhistorie, litteraturvitenskap og humanmedisin har ett felles anliggende: erfaring, fortelling og fortolkning. Som kunnskapsfelt om men-

neskespesifikke uttrykk har de en felles kjerne: «lesing» og «tegn». Litteraturen har alltid benyttet seg av symptomer og sykdom som effektive dramaturgiske elementer. Forfattere med liv preget av sykdom har gitt opphav til antakelser om at deres litterære verk er sprunget ut av deres lidelsestrykk. Litterære sykdomsfremstillinger representerer dessuten opplysende kommentarer til tekstens samtid med henblikk på oppfatningen av symptom, diagnose og viten.

Tegn på sykdom er en samling meget leseverdige tekster i lommeformat. Emnene spenner fra Hamsuns forfatterskap via melankoli og botsfengsel til tegneserier! De er svært velegnet til å gjøre uplanlagte ventetimer på faglige reiser til uventede timer for lesefornøyelse.

Anna Luise Kirkengen

Senter for helsefremmende arbeid
Akershus universitetssykehus

Litteratur

1. Wasserstein AG. Lessons in medical humanism: the case of Montaigne. *Ann Int Med* 2007; 146: 809–13.
2. Bech-Karlsen J. Gode fagtekster. Essayskriving for nybegynnere. Oslo: Universitetsforlaget, 2003.
3. Montaigne M. Essays. Utvalg og oversettelse ved Beate Vibe. Oslo: Aschehoug, 1996.

Kritisk medisinsk antropologi

Ingstad B.

Medisinsk antropologi

En innføring. 286 s, ill. Bergen: Fagbokforlaget, 2007. Pris NOK 398
ISBN 978-82-450-0502-8



Antropologi er ikkje noko mindre enn læra om mennesket. Fellesnemnaren er eit allment og komparativt perspektiv på mennesket som art og sosialt vesen. Antropologi i Noreg i dag er først og fremst sosialantropologi, eit fag som grensar opp mot økonomi, statsvitskap, sosiologi – og medisin. Sistnevnte primært i form av allmenn- og samfunnsmedisin. Derav dei to synonyme omgrepa «medisinsk antropologi» og «helseantropologi».

Benedicte Ingstad er ein av nestorane

i norsk sosialantropologi. Alt tidleg i 1980-åra laga ho kurs for legar i medisinsk antropologi. Ho er professor i faget ved Universitetet i Oslo, og har no kome med ei innføringsbok som primært rettar seg mot studentar i antropologi og i helsefag. Boka er bygd opp med åtte sjølvstendige kapittel som gjerne kan lesast isolert. Stikkord for desse er «kva er antropologi?» samt kultur, klinisk blikk, kropp, kjønn og seksualitet, livsløp, psykiatri, individ og samfunn og vegen vidare.

Forfattere skriv lett og ukomplisert, kapitlet er ikkje for lange, layouten er oversiktleg, og enkelte emne er illustrerte med ein del fargebilete og eit svart-kvitt-bilete. Til slutt er det etterord, referanseliste og stikkordregister.

Ingstad legg ikkje skjul på at ho i god sosialantropologisk og medisinsk tradisjon har eit sterkt etisk engasjement i faget sitt. Ho gjer ikkje krav på å vere objektiv eller nøytral, og har nok rett i at ein gjerne kan problematisere slike ideal for dette faget. Derimot siterer ho antropologane Scheper-Huges og Bourgois, som omtalar antropologiens mandat som «a small practice of human liberation» (s. 236). Ho går ikkje av vegen for å vere personleg, og tillet seg iblant å vere klar på kva ho sjølv meiner om aktuelle samfunnsfenomen. Likevel lukkast ho stort sett godt med å leggje av seg dei kulturelle brillene sine og sjå verda slik dei ho har møtt seg henne. Eg synest kanskje ho lukkast minst med det når ho skal beskrive norsk medisinsk røyndom. Til dømes omtalar ho fenomenet «strukturell vald», eit omgrep introdusert av fredsforakaren Johan Galtung i 1960-åra, på ein måte som gir inntrykk av at det er slektskap mellom ulike typar folkemord og «sykehuslegene som skriver ut hjelpeløse gamle fra sykehusene» (s. 220). Med ein så vid og upresis begrepsbruk står ho i fare for å blir meir tabloid enn analytisk. Eg skulle ynskje at ho hadde dvalt litt meir ved teoretiske analysar og presentasjon av fagtradisjonar. Til dømes saknar eg stikkordet «semiotikk», sjølv om både norske og internasjonale antropologar har gitt viktige bidrag til semiotiske analysar av folks helseatferd.

Dette er likevel for småtterier å rekne. Hovudinntrykket er ei godt gjennomarbeidd innføringsbok av ein forfattar som veit kva ho skriv om.

John Nessa

Institutt samfunnsmedisinske fag
Universitetet i Bergen